



Harald Sagstad  
Buheim 21  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1276 - 19/14959

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
15.05.2019

## Gbnr 137/690 Alver - Løyve til deling av eigedom - jordlova § 12

**Administrativt vedtak. Saknr: 291/19**

### Vedtak

*Lindås kommune gjev løyve til frådelling av eit 8033 m2 stort areal på gbnr 137/690 Alver jfr søknad. Av dette er om lag 2900 m2 regulert til landbruksformål. Vedtaket har heimel i § 12 i jordlova.*

### Mynde :

Saka er handsama administrativt etter delegert mynde frå rådmannen.

### Saka gjeld :

Grunneigarane Kjersti Alver og Harald Sagstad søker om å få dele frå ein teig på 8033 m2 frå gbnr 137/690 Alver. Bakgrunn for delinga er sal av arealet i høve bygginga av nye Alversund skule. Det skal mellom anna byggast ny tilkomstveg fram til skulen frå fylkesvegen. Storparten av den omsøkte teigen er regulert til offentlig formål og veg, gang-/sykkelveg.

### Lovverk :

Areal som er regulert til andre formål enn landbruk treng ikkje løyve til deling etter jordlova. I denne saka er det ein liten del av teigen i søre enden som er regulert til «Landbruksformål». Denne delen krev jordlovsbehandling. Det aktuelle arealet er ca 2900 m2.



## Saksutgreiing

### Landbrukseigedomen gbnr 137/690 Alver :

Eigedomen har eit totalareal på 142,8 dekar. Av dette er 32,8 dekar full- og/eller overflatedyrka jord. 11,5 dekar er innmarksbeite , 53,5 dekar er produktiv skog og 29,9 dekar er anna utmark. Heile 15,1 dekar er i kategorien bygg/veg/tun.


Det er to våningshus på garden, to driftsbygningar for storfehold og fleire uthus/reiskapshus. Det er storfehold/ammekyr og noko sauehold på garden.

### **Arealet som vert søkt frådelt, 8033 m<sup>2</sup> :**


Dette er eit samanhengande areal i dag, men vert delt av ein privat veg. Arealet består av 5,2 dekar overflatedyrka jord og 1 dekar produktiv skogsmark. Det er eit eldre verneverdig våningshus og ein gamal driftsbygning på arealet.

Storparten av dette arealet er regulert til offentleg formål , noko veg og resten landbruksformål.

### *Reguleringsplan der omsøkt areal er markert*



*Dagens status for omsøkt areal i Nibio sitt gardskart*



**Vurdering etter jordlova § 12 :**

Det har vore gjort landbruksfaglege vurderingar under prosessen med reguleringsarbeidet for området tidlegare og det vert difor ikkje gjort nye vurderingar knytta til det her. Det som manglar er eit formelt løyve til sjølve delinga. Det er lite rasjonelt for dagens grunneigar å eige ein så liten teig med berre 1,3 dekar overflatedyrka jord. Det vert gjeve løyve til den omsøkte delinga.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Byggesaksavdelinga

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Harald Sagstad  
Kjersti Alver

Buheim 21  
Buheim 21

5911  
5911

ALVERSUND  
ALVERSUND